



Minus for Hjellegjerde

Eit underskot på 22,1 millionar kroner er resultatet før skatt for møbelprodusenten Hjellegjerde etter fyrste halvår i år. Same tid i fjor synte eit overskot på 13,5 millionar kroner.

MØBELINDUSTRI. Møbelprodusenten Hjellegjerde i Sykkylven forklarar i ei børsmelding at det negative resultatet kjem som ei følgje av kostnadene med å kutte ned talet på tilsette i produksjonen av møblar i Noreg. Talet skulle reduserast med 72 personar innan utgangen av juli månad. Desse kostnadene er skrivne i rekneskapen for fyrste halvår 2007. Ein har og gjort andre endringar i bedrifta som kjem til syne i rekneskapen. Mellom anna har ein gjort ein del endringar i sortimentet, og bygginga av ein ny fabrikk i Litauen har også gjeve nokre ekstra kostnader. Prognosane syner førebels at ein ventar eit negativt resultat også i tredje kvartal på grunn av dei nemnde forholda.

Inntekter. Salsinntektene for møbelprodusenten ligg på om lag same nivå som i 2006. Fyrste halvår har bedrifta selt

møblar for 221,2 millionar kroner. Ein svak nedgang frå i fjor da dei hadde salsinntekter første halvår på 223,8 millionar. I andre kvartal vart salsinntektene 99,1 millionar kroner, noko som er ein auke på 2,7 millionar kroner samanlikna med same periode i fjor.

Marknaden. Sjølv om rekneskapen altså samla sett syner negative tal etter fyrste halvår, ser ordreservane ut til å vere gode. I Noreg og Sverige har ein ein liten nedgang i ordrane, medan ein i Danmark har auka salet med om lag 13 prosent samanlikna med i fjor. Dei to marknadene som syner ein stor auke i salet av Hjellegjerde-produkt, er Storbritannia og Nord-Amerika. På dei britiske øyane har Hjellegjerde auka salet med 48 prosent samanlikna med andre kvartal i fjor, medan USA og Canada auka salet med 12 prosent. I Tyskland og Frankrike reknar ein med at omsetjinga vert som i 2006. I den japanske marknaden har salet vore noko lågare enn i fjor, men det har samanheng med at ordrar er lagt inn for faste leveringsperiodar. Fyrste halvår har Hjellegjerde investert 37 millionar kroner. Mesteparten av denne investeringa er i den nye fabrikk i Litauen.

ØIVIND RÅNES
oivind.ranes@smp.no